



Nordbohus Villanger & Sønner AS  
Kvassnesveien 45  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1324 - 16/9949

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
01.06.2016

## Godkjenning- Søknad om løyve - forstøtningsmur GBNR 27/195

**Administrativt vedtak. Saknr: 145/2016**

### **SAKSUTGREIING:**

#### Saka gjeld:

Saka gjeld søknad om oppføring av forstøtningsmur på gbnr 27/195 på Moldekleiv. Muren skal plasserast i eigedomsgrense mellom gbnr 27/195 og 27/194 og 27/141 på Moldekleiv. Muren er opplyst til å vera 8 meter lang og høgde inntil 2,1 meter over inntilfylling.

Løyve til oppføring av einebustad og forstøtningsmur i eigedomsgrense er gitt i DNT sak 424/2015

Det vert vist til søknad med vedlegg journalført motteke 25.5.2016.

### **VURDERING:**

#### Nabovarsling:

Det er søkt om fritak frå krav nabovarsling etter Pbl § 21-3. Søkjar skriv at tiltaket har liten eller ingen innverknad på omkringliggende naboer. Muren ligg i bakkant av einebustaden, og vil kun vera synleg for eigen eigedom (gbnr 27/195).

Det ligg føre erklæring frå gbnr 27/141 og gbnr 27/194 om samtykke til plassering av forstøtningsmur i felles grense. Administrasjonen fritar søkjar for nabovarsel i samsvar med Pbl § 21-3.

#### Plan- og lovgrunnlag:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Gbnr 27/195 er regulert av Reguleringsplanen for Moldekleivmarka (arealplanid 125619880003) til einebustad med garasje. Tiltaket kjem ikkje i strid med reguleringsplanen, det ligg føre erklæring frå naboeigedomar om plassering nærare nabogrense enn 4 meter og det er ikkje trong for dispensasjon.

#### Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaka skal plasserast som vist på vedlagt situasjonsplan journalført motteke 25.5.2016. Plassering av mur med minste avstand til nabogrense på 0 meter frå gbnr 27/195 og gbnr 27/141 vert godkjent av Meland kommune i medhald av pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav a, jf vedlagt erklæring frå heimelshavar til gbnr 27/194 og 27/141.

#### Utforming, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt teikningar journalført motteke 25.5.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava til utsjånad og funksjon i pbl §§ 29-1 – 29-3.

#### Ansvarsrettar:

Ansvarsrett og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan dagsett , vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarlege prosjekterende, utførande og kontrollerende, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

#### **VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1, jf pbl § 20-3, løyve til oppføring av forstøtningsmur i samsvar med søknad med vedlegg journalført motteke 25.5.2016 på gbnr 27/195 i Meland kommune. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan og teikningar journalført motteke 25.5.2016, jf pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav (a) og (b).

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyyet vart gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9. Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i Matrikkelen, jf matrikkellova, som er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna er bestemt ovanfor.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad omløve til tiltak oppføring av forstøtningsmurmur GBNR 27/195  
Dokumentasjon av forstøtningsmur mot nabo 27-194

**Mottakere:**

Nordbohus Villanger & Sønner AS      Kvassnesveien 45    5914

ISDALSTØ